



## Notat

Dato: 04.11.2016  
Arkivsak: 2015/5638-10  
Saksbehandlar: irevelu

## Svar til kontrollutvalet - Forvaltningsrevisjon av Drift og vedlikehald - desember 2016

### Bakgrunn

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av drift og vedlikehald av fylkesvegar i Hordaland. Denne forvaltningsrevisjonen vart oversendt til Hordaland fylkeskommune den 02.09.2015.

### Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sitt møte den 13.10.2015 i sak 60/15:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan "Drift og vedlikehald av fylkesvegar", ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for å:

1. Etablere ei arbeidsgruppe for oppfølging av strategien for drift og vedlikehald av fylkesvegane i Hordaland.
2. Utarbeide ein samla tiltaks- og handlingsplan for arbeidet med strategien for å redusere forfallet på vegnettet.
3. Utarbeide rutinar for gjennomføring av risikovurderinger.
4. Rapportere årleg om status på strategien til politisk nivå.
5. Utarbeide ein kontraktsstrategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i Hordaland.
6. Etablere rutinar for å følgje opp og rapportere effektar av dei samla tiltaka i strategien.
7. Utarbeide eit system for prioritering, bruk og rapportering av løvvingane som synleggjer i kva grad ein når målet om å styrke vedlikehaldet av fylkesvegane.
8. Lage ein handlingsplan innan 01.12.2015 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

### Tilbakemeldingar til kontrollutvalet:

Etter dette har fylkesrådmannen gjeve følgjande tilbakemeldingar til kontrollutvalet:

- Notat frå fylkesrådmannen til kontrollutvalet, PS 122/2015 i desember 2015.
- Notat frå fylkesrådmanen til kontrollutvalet, PS 73/2016 i juni 2016

### Saksprotokoll i kontrollutvalet 21.06.2016:

1. Kontrollutvalet ser positivt på at forbettingsarbeidet i samband med forvaltningsrevisjon av drift og vedlikehald av fylkesvegar i Hordaland fylkeskommune no er kome et stykke vidare i høve handlingsplanen som vart handsama i forrige møte i kontrollutvalet.
2. På bakgrunn av at det framleis gjenstår ein god del arbeid før det er sett i verk naudsynte tiltak ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.12.2016.
3. Kontrollutvalet ber også om at tilbakemeldinga vert gjeve relatert til kvart av dei 7 punkta i vedtaket frå fylkestinget.

## Ny statusmelding:

Rullering av drifts- og vedlikehaldsstrategi for fylkesvegnettet i Hordaland (2012-2017-2021) er ei direkte følgje av forvaltningsrevisjonen. Forslag til ny «Strategi for drift og vedlikehald på fylkesvegnettet i Hordaland fram mot 2020» vert lagt fram for fylkestinget i desember 2016. Dette strategidokumentet vil saman med sakframlegget vere ein viktig del av svaret til Kontrollutvalet sin forvaltningsrevisjon. Oppfølging av strategien vert ein sentral del av handlingsprogrammet til RTP.

Tiltak	Status
1. Etablere ei arbeidsgruppe for oppfølging av strategien for drift og vedlikehald av fylkesvegane i Hordaland.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ferdig <ul style="list-style-type: none"> <li>I fylkesvegrådet 21.10.2015 vart det formelt sett ned ei arbeidsgruppe for oppfølging av strategien</li> <li>Arbeidsgruppa sitt mandat er å svara ut tilrådingane i revisjonsrapporten</li> </ul> </li> </ul>
2. Utarbeide ein samla tiltaks- og handlingsplan for arbeidet med strategien for å redusere forfallet på vegnettet.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Omfang med nivå og tiltak vert ein sentral del av handlingsprogrammet til RTP <ul style="list-style-type: none"> <li>Det er utarbeida totalt 6 delrapportar som del av strategiarbeidet med tilhøyrande tiltak for å redusera forfallet; <ul style="list-style-type: none"> <li>Plan for utbetring av lange fylkesvegtunnelar. Iverksetting av tunneltryggleiksføresegna 2014/1556/SD og EU direktiv 2004/54/EC (2015), Statens vegvesen</li> <li>Forfall 2010–2016. <u>System for avvatning, drenering og vassgjennomløp</u> (2016), Statens vegvesen</li> <li>Forfall 2010–2016. <u>Vekkropp med sideanlegg og vegutstyr</u> (2016), Statens vegvesen</li> <li><u>Fylkesvegkaiane i Hordaland</u> (2016), Statens vegvesen</li> <li>Forfall 2010–2016. <u>Fylkesvegbru i Hordaland</u> (2016), Statens vegvesen</li> <li><u>Veglysanlegg i Hordaland</u> (2016), Hordaland fylkeskommune/Karabin</li> </ul> </li> </ul> </li> </ul>
3. Utarbeide rutinar for gjennomføring av risikovurderinger.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Blir ein del av handlingsprogrammet til RTP <ul style="list-style-type: none"> <li>Rutinar for gjennomføring av risikovurderinger er handsama i SVV si handbok «V721 Risikovurderinger i vegtrafikken»</li> <li>Risikovurderinger blir brukt for å identifisera i kva grad uønskja hendingar inntreff og konsekvensane av desse</li> </ul> </li> </ul>
4. Rapportere årleg om status på strategien til politisk nivå.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ferdig <ul style="list-style-type: none"> <li>Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland er etablert som ei eiga statusrapportering, som vert lagt fram for fylkestinget i juni kvart år</li> <li>Årsmeldinga vart fyrste gong lagt fram i 2015</li> </ul> </li> </ul>
5. Utarbeide ein kontraktsstrategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i Hordaland.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ferdig <ul style="list-style-type: none"> <li>SVV utarbeider kontraktsstrategi for drift og vedlikehald, men HFK følgjer opp SVV gjennom prosjektet «samhandling innan vegområdet» og sams vegadministrasjon</li> <li>To av delmåla i drift og vedlikehald strategien er oversiktleg kontraktsregime med tydeleg eigar og at HFK skal ha gjennomgang av driftsstandard i forkant av kvar kontrakt</li> </ul> </li> </ul>
6. Etablere rutinar for å følgje opp og rapportere effektar av dei samla tiltaka i strategien.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vil bli handsamma i RTP handlingsprogram, som er planlagt lagt fram for fylkestinget i oktober 2017 med tydelegare tiltak og når tiltaka skal gjennomførast <ul style="list-style-type: none"> <li>SVV rapporterer tiltaka gjennom tertialrapportar</li> </ul> </li> </ul>
7. Utarbeide eit system for prioritering, bruk og rapportering av løvyingane som synleggjer i kva grad ein når målet om å styrke vedlikehaldet av fylkesvegane.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ferdig, strategi og saksframlegget skal handsamast i desember 2016 <ul style="list-style-type: none"> <li>Rulleringa av gjeldande drift og vedlikehald strategi vil handsama eit system for prioritering, bruk og rapportering av løvyingane</li> <li>Drift og vedlikehald strategien vil også gå inn som ein del av arbeidet med rulleringa av Regional Transportplan (RTP)</li> </ul> </li> </ul>

Sjølv om punkta over er merka «ferdig» vil mange av desse vera kontinuerlege prosessar som vil bli forbetra og endra etter endra behov.

### **Tilsyn av driftskontraktane i Hordaland**

Fylkesrådmannen er gjort kjent med at vegtilsynet har gjennomført tilsyn av driftskontraktane i Hordaland. Tilsynsrapportane er ikkje omtalt i Deloitte sin revisjonsrapport. Dei viktigaste konklusjonane er å:

- Gjennomføre tiltak for å sikre at stikkprøvekontrollverksemda vert planlagt i samsvar med krav og føringar gitt i SOPP (system for oppfølging av driftskontrakter)
- Gjennomføre stikkprøvekontrollar i samsvar med plan
- Gjennomføre tiltak for å sikre at oppfølgingskontrollar vert gjennomført i samsvar med krav

Vegtilsynet har lukka tilråding sakene i tilsynsrapporten då Statens vegvesen, Region vest har gitt tilstrekkeleg dokumentasjon på at tiltak er og vil bli gjennomført. Fylkesrådmannen ønskjer meir fokus på oppfølging av driftskontraktane, og vil følgje opp tilsynet i eit av tiltaka i nytt handlingsprogram til RTP.

### **Avslutning**

Dei fleste tiltaka er etablert, dei resterande tiltaka vil bli handsama i RTP handlingsprogram, som er planlagt lagt fram for fylkestinget i oktober 2017 med tydelegare tiltak og når tiltaka skal gjennomførast.

Etter fylkesrådmannen sitt syn svarar «Strategi for drift og vedlikehald på fylkesvegnettet i Hordaland fram mot 2020» saman med nytt handlingsprogram til RTP, ut dei 7 punkta i vedtaket frå fylkestinget 13.10.2015 i sak 60/15, samt merknadane frå Kontrollutvalet.